



Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
062/26	Formannskapet	19.03.2026
	Kommunestyret	

Prosess for tilsetting av kommunedirektør

Ordføraren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret opprettar eit tilsetjingsutval som får i mandat å førebu tilsetjing av ny kommunedirektør i Sunnfjord kommune.
2. Tilsetjingsutvalet får slik samansetting: ordførar (leiar), varaordførar (nestleiar), gruppeleiar i Høgre, Sosialistisk Venstreparti, Venstre og 2 representantar frå dei tilsette.
3. Tilsetjingsutvalet får mandat til å fastsette framdriftsplan, premissar og praktisk prosess for rekruttering av ny kommunedirektør. Utvalet får fullmakt til å lyse ut stillinga, vurdere søkarane og innstille kandidat til kommunestyret for tilsetjing.
4. Tilsetjingsutvalet får fullmakt til å nytte ekstern bistand.

Saksutgreiing

Kommunestyret godkjente sluttavtale med kommunedirektør Terje Heggheim i møte 22. januar 2026. Lise Mari Haugen vart konstituert som kommunedirektør fram til ny kommunedirektør blir tilsett. Kommunelova § 13-1 første ledd fastset at det er kommunestyret sjølv som tilset ein kommunedirektør.

Ved førre rekruttering i 2021, oppretta kommunestyret eit tilsetjingsutval som var samansett av ordførar, varaordførar, to folkevalde frå «opposisjonen» og to hovudtillitsvalde. Personalsjefen var sekretær for utvalet, og personaleininga bidrog med nødvendige ressursar. Utvalet nytta òg eit eksternt rekrutteringsbyrå til mellom anna utforming av utlysing, innleiande vurderingar, intervju og sluttvurdering.

Vurdering

Proessen for tilsetting av ny kommunedirektør må vere forankra i kommunestyret. Det er likevel hensiktsmessig å delegere det praktiske rekrutteringsarbeidet til eit tilsetjingsutval med mandat frå kommunestyret til å lyse ut stillinga, vurdere søkarane og innstille kandidat til kommunestyret for tilsetjing. Dette er ein vanleg arbeidsform for kommunale tilsetjingsutval når dei skal førebu tilsetjing av kommunedirektør. Det er òg hensiktsmessig at personalsjefen er sekretær for utvalet.

Rekruttering av øvste administrative leiarstilling er ein viktig og krevjande prosess som må få merksemd, tid og kvalitet. Samtidig er det viktig at prosessen ikkje drar ut i tid. Ordføraren tilrår at det vert oppretta eit tilsetjingsutval (ad-hoc utval) som kan førebu saka til kommunestyret. Det er viktig å få ei god avklaring av moglege kandidatar i marknaden, samtidig som det er ope for moglege interne søkarar.

Tilsetjingsutvalet bør bestå av 3–5 folkevalde og 2 representantar frå dei tilsette. Ordføraren ønsker brei politisk forankring, og tilrår slik samansetting: ordførar (leiar), varaordførar, gruppeleiarane for Høgre, SV og Venstre og 2 representantar frå dei tilsette. Det er vidare ynskjeleg å ha høve til å knytte til seg ekstern bistand i prosessen. Ekstern bistand og oppgåvefordeling blir bestemt i tilsetjingsutvalet før tilsettingsprosessen startar.

Førde, den 10.03.2026

Jenny Følling ordførar	